



#### BESØK FRÅ HOVUDSTADEN:

Varaordfører Marie Lunde Bruarøy (H) hadde med seg Stortingets familie- og kulturkomité på besøk i Oselvarverkstaden i føremiddag. Frå venstre: Dagleg leiar i Oselvarverkstaden, Vidar Langeland, Bruarøy, Anette Trettebergstuen, leiar av komiteen Kristin Ørmen Johnsen, Grunde Almeland og Silje Hjemdal. (Foto: Camilla Kvamme)

# – Om samfunnet ønskjer noko meir frå Oselvarverkstaden, må vi ha hjelp

Historie, handverk, og litt økonomi, var tema då Stortingets familie- og kulturkomité vitja Oselvarverkstaden fredag.

#### OSØYTRØ

Stortingets familie- og kulturkomité er for tida på turné rundt om kring i Noreg. At komiteen vel å bruka like lang tid i Os, som i Bergen, er varaordfører Marie Lunde Bruarøy (H) svært nøgd med.

Torsdag vitja politikanne Lysoen. Fredag gjekk turen innom Luranetunet, Oselvarverkstaden og Oseana.

Hovudintensjonen med besøket er ifølgje Bruarøy at komiteen skal få oppleva litt av det kulturlivet Os har å by på. Det er Hordaland fylkeskommune som har sydd saman programmet.

På Luranetunet var frivillig arbeid og innhaldet i kvardagen til dei som mottek kommunale tenester på agendaen, i Oselvarverkstaden stod viktigeita av å ta vare på handverkstradisjonane våre i fokus, og i Oseana kunst- og kultursenter fekk komiteen møta representantar



**KJENNETEIKN:** Dagleg leiar i Oselvarverkstaden, Vidar Langeland, forklarar familie- og kulturkomiteen korrleis ein kan sjå forskjell på ein Oselvar og til dømes ein Strandebarmar.

for Vestnorsk filmsenter og Tysnesfest. – Samfunnet er tufta på kultur. Det er det som gjev meining i kvardagen. Med godt samarbeid på tvers av ulike instansar på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå, får vi til endå meir, påpeikar varaordføraren.

#### Sårbar tradisjon

I Oselvarverkstaden har båtbyggjar Leif Harald Amundsen og lærling Ella Mørtzell heist siglet på ein kombinasjonsbåt til ære for gjestene frå hovudstaden.

I verkstaden er det uvanleg god plass. Båtbyggjarane har nemleg nettopp fer-

digstilt fleire båtar, og sendt dei avgarde til eigarane sine.

– Men vi fekk inn ein ny bestilling i går. Det var nokon som skulle gje ein Oselvar i gåve til kvarandre, fortel dagleg leiar, Vidar Langeland.

Kva vart båten brukt til, kor lang tid tek det å byggja ein båt, kva materiale vert nytta, veit ein noko eksakt om kor gamal tradisjonen er, og kva skil Oselvaren frå til dømes Strandebarbaren eller ein Nordlandsbåt, er berre nokre av spørsmåla medlemmene av familie- og kulturkomiteen bed om svar på.

I tillegg til 3, 5 båtbyggjarstillingar, har Oselvarverkstaden til ei kvar tid to lærlingar. Ella Mørtzell har vore lærling i verkstaden i 1 1/2 år no, og blir verande ut februar 2020.

– Veldig bra. Fantastisk, svarer Mørtzell på spørsmål om korleis ho trivst.

Årsaka til at ein ikkje tek inn fleire lærlingar, er både plassmangel og økonomi. Samstunde er handverket og framtida til handverket, ifølgje Berit Osmundsen, svært sårbart.

– Heile den 1.000 år gamle tradisjonen er avhengig av engasjementet til dei fire båtbyggjarane, sa Osmundsen, og påpeika at slik ho ser det er det for sårbart til at det er godt nok.

#### Større potensiale

Oselvarverkstaden er ei stifting og får støtte frå Os kommune og Hordaland fylkeskommune.

– Vi er avhengig av støtte for å kunna driva på denne måten. Dersom vi skulle ha tent inn igjen alle arbeidstimane på eiga hand, ville båtene blitt altfor dyre, sa Langeland.

Drift og økonomi vart også brakt på banen av styreleiar Norvald Johan Skåtøy. Han peika på at verkstaden, per i dag, ikkje har moglegheit til å utnytta det potensiale som verdsarvstatusen faktisk gjer.

– Vår hovudoppgåve er å utdanna lærlingar og å ta vare på kulturarven, sa Skåtøy, og la til at ein ikkje har høve til å ta økonomiske løft som til dømes å tilpassa verkstaden til å ta i mot turistar.

– Om samfunnet ønskjer noko meir frå oss, må vi ha hjelp, sa styreleiar, og tok til orde for eit bidrag frå nasjonale styresmakter.

► Camilla Kvamme